

INNERTIDENDE

8. årgang nr. 2 – oktober 2006

Årsmøte

Årsmøtet vert **mandag 30. oktober** kl. 19.00 på Sindre skytebane.

Sakliste

1. Godkjenning av innkalling
2. Val av ordstyrar
3. Val av referent
4. Årsmelding 2006
5. Rekneskap 2006
6. Medlemskontigent
7. Val
8. Investeringar 2007 (m.a. Sauer)
9. Subsidiar
10. Samarbeidsavtale Hornindal skytterlag
11. Innkomne saker
12. Budsjett

Frist for å melde inn saker til årsmøtet vert sett til fredag 20. oktober. Eventuelle saker må meldast skriftleg eller per epost til Jarle.

Leiar i valnemnda er Arvid Dybevoll. Frist for å seie frå seg attval er fredag 13. oktober.

Eventuelt samarbeid med Hornindal skytterlag

Gjennom fleire år har medlemane i Hornindal skote på Sindre skytebane og betalt treningsavgift i tillegg til jaktprøveskyting. I samband med at Hornindal planlegg ny innandørs skytebane kan det vere aktuelt å inngå eit samarbeid der medlemane i Markane får trene på innandørsbana gratis, mot at medlemane i Hornindal får tilsvarende ordning på Sindre. Dei skal framleis betalte for jaktprøve og deltaking i ymse arrangement. Det er ein føresetnad for avtalen at Hornindal må skyte på dei ordinære treningskveldande slik at aktiviteten ikkje vert vesentleg utvida, jfr. avtale med grunneigar.

Styret tilrår at årsmøtet godkjenner avtalen, sjølv sagt under føresetnad av at Hornindal bygger innandørsbane.

I samarbeid med skiskyttargruppa i idrettslaget er det framleis aktuelt å ha avtale om bruk av innandørsbanen i Stryn kulturhus.

Eit aktivt år for skytterlaget

2006 har vore eit år med stor aktivitet for skytterlaget, med fleire arrangement, bingo, ymse jegeraktivitetar og auka deltaking på stemner.

Vårstemne

Andre helga i mai arrangerte vi vårstemne på bane, med 125 deltakarar. Geir Ketil Aa Hope frå Hyen vann stemnet med 345 poeng.

Skytingens Dag

I år som tidlegare var det kåring av årets jeger og årets jaktlag på Skytingens Dag. Andreas Solvik vart årets jeger eitt poeng føre Nils Myrvang, medan Hjelledøla vart årets jaktlag. Andreas vann også vendefigur, så det var ein stor dag for kasseraren vår. 24 deltakarar var litt mindre enn i fjor.

Jegercupen

Andreas viste seg også her som den beste jeger-skyttaren, med seier i kl. A. Elles merkar vi oss Nils Myrvang som vann kl.B. Cupen samla 28 deltakarar.

Olsokstemnet

Stemnet er framleis Nordvestlandet sitt største (og mest attraktive!), i år med 183 skyttarar. Det vart hard kamp om sigeren, til slutt vann Bertel Oddne Mjellem frå Hyen på rangering føre Svein Kåre Furre frå Leikanger, begge med 390 poeng.



Årets vinnar på Olsokstemnet, Bertel Oddne Mjellem

Lagsmeisterskap

Vi har hatt lagsmeisterskap miniatyr, bane og skogsløp med skyting. Det var rimleg god deltaking på alle konkurransane, 24 på miniatyr, 22 på bane og 16 på skogsløpet.

Samlagstemne skogsløp m/skyting

På slutten av sesongen har vi hatt samlagstemne i skogsløp med skyting. For dei yngste var stemnet på Ullsheim, dei eldste skal i elden 8. oktober på Sindre. Med 41 deltakarar på Ullsheim vert det eit godt deltakartal for stemnet.

Nordfjordcupen for lag

Vi hadde med lag både i rekrutt og senior. Rekruttane gjorde det bra i første runde, men vi greidde ikkje stille lag i andre runde. Neste år vil nok rekruttane våre gjennomføre heile cupen!

Seniorane imponerte stort med sølvmedalje i cupen, etter å ha tapt knepent for Haugen i finalen. Med på laget var Arne Skrede, Andreas Solvik, Gunnar Øen og Paul Hatledal. Og det er faktisk Paul sin første medalje på samlagsnivå, så det viser seg at berre ein er tolmodig nok så kjem resultatata til slutt!



Sølvgutane i Nordfjordcupen

Bingo

Det har vore 15 bingoar i løpet av sommaren, med jamt over god oppslutnad. Overskotet er om lag som i fjor, så bingoen er framleis vår viktigaste og beste inntaktskjelde. **Ei stor takk** til alle dykk som stiller opp og gjer ein dugnad for skyttarlaget ved å hjelpe til på bingoen!

Anlegg

Vi har utført mykje vedlikehald på dei elektroniske skivene. Som følge av nytt regelverk (og slitasje!) har vi skifta mykje av gummien på både 100 og 200 meter. I tillegg har vi bytta inn dei 4 eldste monitorane, til ein

rimleg innbyttepris. Vi er framleis referanselag for Kongsberg Mikroelektronikk, og får såleis gode avtaler både på oppfølging og kjøp av utstyr. Men det kostar likevel å halde dei elektroniske skivene vedlike.

For å sikre verdiane på skytebanen betre, og samtidig få betre oversikt på utlånte nøklar, vedtok Styret å innføre nytt låssystem på både skyttarhus og standplassar.

Elles ein stor takk til Peder og Gunnar, som syter for at uteanlegget er i topp stand til einkvar tid.

Medlemskontigent

Faktura med medlemskort for 2006 er sendt til alle registrerte medlemar, med betalingsfrist 30. september. Vonar at alle har betalt denne!

Vær venleg å gje beskjed til Andreas dersom de ikkje har fått tilsendt medlemskontigent, og ønskjer å vere medlem. Neste år vil kontigenten bli sendt ut tidlegare på året.

Heimesidene

Skyttarlaget sine heimesider er godt besøkt. Adressa er: <http://markane.skytterlag.no>

På heimesidene finn du siste nytt frå laget, saman med anna medlemsinformasjon, bildesamling, historie og aktivitetar i laget. Sjølv om det kjem eit par *Innertidende* for året, oppmodar vi medlemane om å nytte heimesida. Kom gjerne med tilbakemeldingar på sida, Forumet kan nyttast til både ris og ros!

Miniatyrskyting.

I samarbeid med skiskyttargruppa vil rekruttane og juniorane starte miniatyrskyting i kulturhuset i oktober. For seniorane tek vi sikte på å starte i november, og ha mandag som fast dag.

Påmelding til stemner

Du finn innbydingar og info om stemne på heimesida vår og www.skyting.net . Kontakt Paul eller Jarle dersom du ønskjer å vere med på stemne.

Til slutt

Takk til alle som har hjulpet til med ymse arrangement og tilstelningar gjennom året!

Vel møtt på Årsmøte mandag 30. oktober!
Det vert servert karbonade, is og brus/kaffi !